



Det Kongelige Klima- og miljødepartementet
postmottak@kld.dep.no

29. august 2014

Høyringsvar - forskrifter knytt til tilskotsordningar under Klima- og miljødepartementet

Vi viser til høyringsbrev datert 30. juni 2014 om forskrifter knytt til tilskotsordningar under Klima- og miljødepartementet.

Frivillighet Norge er eit interessepolitisk samarbeidsforum for over 280 store og små frivillige organisasjonar. Til saman har våre medlemmar omkring 50 000 lag og foreiningar i heile landet. Vi arbeider for å betre rammevilkåra for drift av frivillig organisasjon: For at det må vere lett å vere frivillig og det må vere lett å drive ein frivillig organisasjon.

Frivillighet Norge ynskjer å knyte ein kommentar til **forskrift nr. 5. om tilskot til friluftaktivitet for personer med innvandrabakgrunn.**

- 1. Kravet om at organisasjonane må ha aktivitet i fleire fylke fører til at dei fleste innvandrarorganisasjonar ikkje kan søkje om tilskot til friluftaktivitet for personer med innvandrabakgrunn**

I *Forskrift om tilskot til friluftaktivitet for personer med innvandrabakgrunn* vert det, i motsetnad til *Forskrift for friluftaktivitet*, stilt krav om at søkjar må ha lokallag og aktivitet i tre eller fleire fylke. Langt dei fleste av innvandrarorganisasjonane i Noreg er lokale organisasjonar, som ikkje er tilslutta ein sentral eller regional organisasjon. Mange innvandrarorganisasjonar som Frivillighet Norge er i kontakt med ynskjer å danne ein nasjonal eller regional struktur, men melder om at rammevilkåra for å lukkast med dette er for knappe. Dei får det ikkje til. Så vidt vi veit opnar heller ikkje nokon offentlege støtteordningar for innvandrarorganisasjonar, for at dei kan søke om støtte til å bygge regional eller nasjonal struktur. Av denne grunn vil vært mange av innvandrarorganisasjonane **ikkje** kunne søkje på ordninga for tilskot til friluftaktivitet for personar med innvandrabakgrunn.

- 2. Når målet er å nå innvandrarbefolkninga er innvandrarorganisasjonane ein viktig nøkkel**

Innvandrarorganisasjonar er viktige samfunnsaktørar og arenaer for samfunnsdeltaking blant innvandrarbefolkninga. 36% av innvandrarane gjør frivillig arbeid i Norge¹. Dei legg ned mesteparten av sin innsats i innvandrarorganisasjonar og andre nettverk. Innvandrar-

¹ Institutt for Samfunnsforskning 2010 "Fra Folkebevegelse til filantropi?"
<http://sivilsamfunn.no/Ressurser/Publikasjoner/Rapporter/2010/2010-003>

organisasjonar er difor i ein unik posisjon når det gjeld kunnskap om innvandrarar som målgruppe og som kanal for å komme i kontakt med innvandrarbefolkninga.

Frivillighet Norge arbeider for at innvandrarorganisasjonar vert inkludert i organisasjonsfellesskapa i Norge. Innvandrarorganisasjonane er viktige ressursar i samfunnet og bør difor være interessante som samarbeidspartner for andre organisasjonar og for stat og kommune.


3. Konklusjon

På bakgrunn av at innvandrarorganisasjonar er ein svært viktig kanal når målet er å nå personar med innvandrarbakgrunn, meiner Frivillighet Norge at det er eit paradoks at *Forskrift om tilskot til friluftaktivitet for personer med innvandrarbakgrunn* er innretta slik at dei fleste innvandrarorganisasjonar i realiteten **ikkje** kan søkje tilkøtet. Det er nærliggande å tru at mange gode tiltak som innvandrarorganisasjonane kunne ha sett i gang innanfor friluftsliv ikkje vil kunne kome i betraktning for å få støtte.

Med venleg helsing



Birgitte Brekke
Generalsekretær



Ida Marie Holmin
Fagsjef, inkludering og frivillighet